

STATUSRAPPORT KLIMAPLANENS HANDLINGSPROGRAM 2018

Tema	Tiltaksoversikt 2018	Status
1 Samarbeid	1.1 Klimaråd Hordaland	To møter i 2018. Temaer plast og marin forøpling, miljøkrav i drosjenæringa.
1 Samarbeid	1.2 Fylkespolitikarar som klimaambassadørar	Gjennomført
1 Samarbeid	1.3 Miljøstyring av Hordaland fylkeskommune	Miljøleiing har satt seg meir i Hordaland fylkeskommune som organisasjon, men det er framleis ein veg å gå. Nokre einingar er ikkje sertifiserte som Miljøfyrtårn. Dette skuldast i hovudsak at bygga ikkje har helsevern godkjenning. Planen er at desse skal få støtte i miljøleiinga gjennom digital miljørekneskap i Miljøfyrtårnsystemet.
1 Samarbeid	1.4 Grøne innkjøp	15.11.18 blir det leverandørutviklingsseminar der også grønne innkjøp blir tema. Klima- og naturressursseksjonen samarbeider med Innkjøpsseksjonen og det er no eit punkt i TendSign om leverandørar er miljøsertifiserte. Det er godt samarbeid med Miljøfyrtårnstiftinga og ein nytta Svanens innkjøpsnettverk t.d. i siste møbelinnkjøp.
1 Samarbeid	1.6 Kompetanseheving klimatiltak i kommunane	Medarrangør for kommunal klimakonferanse i Haugesund 5.-6. desember 2018. Samarb. MDir, Fylkeskommunar og Fylkesmenn i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.
1 Samarbeid	1.7 Miljøsertifisering av kommunane i Hordaland	Eidfjord og Stord kommune har fått støtte til miljøsertifisering i 2018.
1 Samarbeid	1.8 Tilskot til kommunale klimatiltak – søkbar pott	Det er løyvd tilskot til 12 ulike kommunale klimatiltak (pr. 24.10.18), fordelt på 8 ulike kommunar.
1 Samarbeid	1.9 Tilskot til masteroppgåver	Ordninga er lyst ut.
1 Samarbeid	1.10 Biblioteket som offentleg arena for klimadebatt	I rute med prosjekt om bokbussen som arena for klimaformidling.
3 Energi	3.1 Biogass og bioøkonomi	Voss kommune i samarbeid med Indre Hordaland miljøverk har søkt om og fått Klimasatsstøtte til å planlegge biogassanlegg. HFK er partner i prosjektet og går inn med 200 000.
3 Energi	Havvindkonferanse i Bergen	Hordaland fylkeskommune støtta havvindkonferansen NORCOWE med 45 000 i 2018.

4 Bygg	4.1 Frukostmøte	Hordaland fylkeskommune har hatt ansvar for to frukostmøte i 2018. I februar var tema overvasshandtering og blågrøne strukturar. I desember er tema sykkel og sykkelplanlegging.
4 Bygg	4.2 Utviklingsprosjekt for smarte fylkeskommunale energiløysingar	Midla er nytta til å greie ut om det er lønsamt å bygge og drifte skular i tre. Det er vurdert kost/nytte ved bruk av tre som byggemateriale i Askøy vidaregåande skule. Midla utløyste tilskott frå Klimasats på kr 150.000.
5 Areal og transport	5.1 Oppretta sikker og sentral sykkelparkering ved fire VGS	Fylkestinget ga kr 2 mill i ekstra løyving til bygging av sykkelparkering ved vidaregåande skular. Det er no undertekna kontrakt for bygging av sentral og sikker sykkelparkering på Stord vidaregåande og på Knarvik vidaregåande. Den neste skulen på lista er Langhaugen. Det er oppgitt at det vil koste om lag kr 1 mill. Det er ikkje sett av nok pengar til dette for 2019. Det vart ikkje laga sykkelparkering ved Bergen Katedralskole då dei vart rehabiliterte nyleg. Dei har eit sterkt behov for sikker sykkelparkering!
5 Areal og transport	5.2 Miljøstrategien til Skyss	Skyss nyttar anbodsmakta aktivt til å kutte i klimagassutslepp. Oppstart av bussanbod i Nordhordland med biodiesel i drift. Tre av den nye generasjonen elferjer driftsatt. Utsleppskutta er venta å vere store framover med om lag 60% innan 2022.
5 Areal og transport	5.3 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt	Utgreiingsprosjekt om effekt av konkrete tiltak og kostnadsanslag i rute.
5 Areal og transport	5.4 Tilrettelegging for lågutsleppsdrogsjar	Tilskot til heimelading for drosje lyst ut. Tildeling av konsesjonskontrakt for ladetilbod til drosje på Flesland og Bergen busstasjon nært føreståande.
5 Areal og transport	5.5 Hydrogenbilar i flåte	Det er gjeve tilsegn om tilskot til 7 brenselcellebilar i 2018.
5 Areal og transport	5.6 Infrastruktur for lågutsleppskøyretøy	Tilsegn til hurtigladestasjonar lyst ut. Oversikt over tildelinga kjem i eiga referatsak vinteren 2019. Det er signert konsesjonskontrakt om drift av hurtiglading for drosjenæringa på Bergen lufthamn og Bergen busstasjon. Det er i tillegg løyva midlar til ladeutstyr for 32 drosjeeigarar.
5 Areal og transport	5.7 Pådrivar for kortare reisetid	
5 Areal og transport	5.8 Mobilpunkt	Fleire mobilpunkt vi har støtta tidlegare år opnar i Bergen i år.

5 Areal og transport	5.9 Differensierte bompengar	Vedtak om 50% rabatt på ferje og prinsippvedtak om 50% rabatt på bompenger for nullutsleppskøyretøy.
5 Areal og transport	5.10 Tilrettelegging for fossilfri tungtransport	Under arbeid i samarbeid med Bergen kommune.
6 Næring og teknologi	6.1 Klimapartner	30 partner: 28 frå næringslivet og 2 kommunar.
6 Næring og teknologi	6.2 Kortreist frukt	Gjennomført
6 Næring og teknologi	6.3 Kortreiste grønsaker og potetar	Gjennomført
6 Næring og teknologi	6.4 Forsking hydrogenteknologi	Deltakar i forskingsprosjektet SH2IFT (2018-2021) leia av SINTEF, med andre prosjektpartnerar frå Hordalandsmiljø.
6 Næring og teknologi	6.5 Fylkeskommunalt hydrogennettverk	Fylkeskommunane på Vestlandet har i samarbeid fått på plass eit nasjonalt hydrogennettverk for fylkeskommunane. Oppfølging av hydrogenstrategi rapportert i eige vedlegg.
7 Klima-tilpassing	7.1 Klimatilpassing i kommunar - forskingsprosjekt	<p>Kr. 400 000 til nytt samarbeid mellom Vestlandsforskning og NORCE. Vestlandsforskning har i samarbeid med ein rekke kunnskapsmiljø i Noreg under etablering eit nasjonalt kunnskapscenter for berekraftig klimatilpassing. Som ledd i dette arbeidet blir det gjennomført ei kartlegging av samla erfaringsgrunnlag i regionalt plan- og utviklingsarbeid innan klimatilpassing i Hordaland og Sogn og Fjordane.</p> <p>I samband med tiltak 1.8 <i>Tilskot til kommunale klimatiltak</i>, er tilskot tildelt Bergen kommune (kr. 200 000) til prosjektet «Integrert skogforvaltning og klimatiltak i risikoområder for natursaker». Prosjektet tek utgangspunkt i skogens funksjon som vern mot naturskadar i ei tid med varsla klimaendringar.</p> <p>Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med ei rekke aktørar inne ein søknad i FORKOMMUNE-programmet om tilskot til innovasjonsprosjektet XKLIM. Prosjektet skal styrke og optimalisere klimatilpassing på lokalt og regionalt nivå ved å samle nasjonale og regionale myndigheiter, konsulentselskap, klimaforskarar, og kommunar i et operativt, tverrsektorielt nettverk. Planlagd oppstart er juni 2019.</p> <p>Prosjekta HORDAKLIM og HORDAPLAN vart avslutta januar 2018 med eit nasjonalt arbeidsseminar i Bergen, <i>Klimathon2018</i>.</p>

7 Klima-tilpassing	7.2 Vassprosjekt for elever i VGS	Gjennomført
Anna	Oppstart revisjon regional klimaplan og regional kraftplan	Rådmannen har satt denne planen og andre planar på vent i pga av fylkessamanslåing.